



SAKSFRAMLEGG

Lokal forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg, og regulering av feiegebyr for Masfjorden kommune

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til lokal forskrift for feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt om gebyr for feiing og tilsyn for Masfjorden kommune vert lagt ut på høyring i samsvar med forvaltningslova § 37.

Bakgrunn og fakta:

Det ligg no føre framlegg til revidert forskrift om brannførebygging, samt om gebyr for feiing og tilsyn. Gjeldande forskrift vart vedteke i kommunestyret den 22.06.2017, i sak nr. 037/2017. Den kom som ein konsekvens av at det kom ei sentral forskrift (Forskrift om brannførebygging) med pålegg til kommunane om å gjennomføre feiing og tilsyn med fritidsbustader i tillegg til heilårsbustader. Fram til 1. januar 2016 var det berre krav til feiing og tilsyn av bustader.

Framlegg til ny lokal forskrift som no ligg føre, sjå vedlegg, er i stor grad justeringar av eksisterande forskrift, og handlar mellom anna å ta vekk formuleringar knytt til at det skal utførast feiing minst kvart fjerde år, samt at ein sikrar at fritidsbustadar vert handsama likt med bustadar, slik det nasjonale regelverket krev. Nedunder er endringane vist:

Ny § 4.1:

§ 4-1. Bustader og fritidsbustader

Brannsjefen bestemmer kor ofte feiing skal verte gjennomført, basert på tilstand til fyringsanlegget på eigedommen, omfang og art.

§ 4-2. Fritidsbustader og hytter går då ut, der det no står:

§ 4-2. Fritidsbustader og hytter

Ein legg opp til at denne tenesta ikkje skal gjelde for bygningar relatert til stadbunden næring i utmark (stølar, skogskoier, jaktbuer med vidare).

Brannsjefen bestemmer kor ofte feiing skal verte gjennomført, basert på tilstand til fyringsanlegget på eigedommen, omfang og art.

Ein legg opp til at ein kan gjennomføra både feiing og tilsyn av fritidsbustader på same dag.

§ 5 vert endra ved at ein tek ut første setninga der det no står:

«Tilsyn med fyringsanlegg skal verte utført minst ein gong per fjerde år.»

§ 6 vert endra ved at ein tek ut siste avsnittet, der det i noverande forskrift står følgjande:

«Førebels tek ein ikkje høgde for å gje gebyr for manglande oppmøte frå huseigar, der feiar må gjere ny avtale for feiing/tilsyn, men om dette vert ei utfordring vil ein måtte legge inn gebyr for ny avtale/oppmøte. Dette for å dekke ekstrakostnadane ein slik ekstratur vil medføre.»

Denne formuleringa treng ikkje stå, då ikkje vert praktisert å gje gebyr for manglande oppmøte.

I tillegg føreslår ein å fjerna § 9 i forskrifta, som handlar om tilleggstenester. Der står det no følgjande:

§ 9. Andre tenester

Eigar og brukar av fyringsanlegg som ønskjer frivillig feiing eller tilsyn utanom lovpålagt feiing eller tilsyn, fjerning av beksot, filming av røykløp og liknande, må sjølv ta kontakt med feiaren og avtale dette. Dette vert utført mot eige gebyr.

Denne endringa med å ta ut denne paragrafen skjer fordi det ikkje er heimel i brann- og eksplosjonslova å ha gebyrforskrift for tilleggstenester.

Heimelen for å vedta lokal forskrift for feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt om gebyr for feiing og tilsyn for Masfjorden kommune er i brann og eksplosjonslova sin § 28, andre ledd, § 6 tredje ledd, § 11 og § 13 fjerde ledd og § 32., samt forskrift av 17 desember 2015 nr 1710 om brannførebygging sin § 6 og 17.

Vurdering

Feiing og tilsyn vert i dag ivareteke gjennom eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Solund, Gulen og Masfjorden. Det er Masfjorden kommune som har fagansvar for tenesta og arbeidsgjevaransvaret for feiaren som utfører arbeidet.

Endringa av forskrifta bør og innførast i dei to andre kommunane slik at tenesta kan jobba under det same regelverket. Det er viktig at dei andre kommunane vert involvert i den vidare

høyringsprosessen, og at deira synspunkt vert fanga opp på ein god måte, før forskrifta kjem til slutthandsaming etter høyringsperioden.

Framlegg til endringar handlar mellom anna om å ta ut at det minst skal vera feiing og tilsyn kvar 4 år på alle bustadar og fritidsbustader. Det betyr at det no vert slått fast i forskrifta at det skal behovsprøvd feiing og tilsyn basert på faglege vurderingar, og ikkje med faste tidspunkt. På denne måten vil den brannførebyggjande tenesta kunna setje inn ressursane der det er føremålstenleg, og på den måten lettare kunne avverja brannar og branntilløp. Det vert vist til § 18 i forskrift om brannførebygging der det står:

§ 18. Risikobasert tilsyn

Tilsyn etter brann- og [eksplosjonsvernloven § 13](#) skal gjennomføres og prioriteres på bakgrunn av:

- a. risikoen for tap av liv og helse
- b. risikoen for tap av materielle og kulturhistoriske verdier
- c. risikoen for samfunnsmessige konsekvenser
- d. risikoen for brudd på forebyggende plikter
- e. effekten av tilsyn sammenlignet med andre brannforebyggende tiltak.

Oppryddinga med å handsama bustader og fritidsbustader likt handlar om å få på plass ei lokal forskrift som er i samsvar med det nasjonale regelverket. Samstundes er det viktig å slå fast at den brannførebyggjande tenesta baserer innsatsen sin på faglege vurderingar, og at den må prioritere innsatsen mot der behova er størst, jf. § 18 punkt e.

Rådmannen meiner vidare at dei andre endringane som er føreslått først og fremst handlar om opprydding i forskrifta frå 2017.

Rådmannen rår til at framlegg til revidert lokal forskrift for feiing og tilsyn med fyringsanlegg og gebyr for feiing og tilsyn for Masfjorden kommune vert sendt på høyring i medhald av forvaltningslova sin § 37.

Vedlegg

- 1 Lokal forskrift om feiing og tilsyn i Masfjorden kommune med verknad 01.012018
- 2 Framlegg til revidert lokal forskrift om feiing og tilsyn i Masfjorden kommune dagsett 24.05.2024